

# Rapport etter tilsyn

Rapport	
Rapporttittel <b>Tilsyn med planar, løysingar og arbeidsmiljørisiko i avviklings- og fjerningsfasane for Slagentangen raffineri</b>	Aktivitetsnummer 007931028
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Unntekte offentlegheit	<input type="checkbox"/> Fortruldig
<input type="checkbox"/> Strengt fortruldig	
Involverte	
Hovudgruppe T-L	Oppgåveleiar Trond Sundby
Deltakarar i revisjonslaget Morten A. Langøy, Trond Sundby, Emilia C. Thingbø, Anne Mette Eide	Dato 06.10.2021

## 1 Innleiing

Vi har ført tilsyn med tilsyn Esso Norge AS (Esso) sine planar, løysingar og arbeidsmiljørisiko i avviklings- og fjerningsfasane for Slagentangen raffineri 24.-26. august 2021.

## 2 Bakgrunn

Bakgrunnen for tilsynet er beslutninga om å gjere om Slagentangen raffineri til drivstoffterminal. Det vil i den fasen vere ei rekke aktivitetar for å avvikle og fjerne deler av anlegget og førebu for framtidig drift som drivstoffterminal. Prosjektet har ein kort plan- og gjennomføringsfase med omfattande endringar som kan medføre risiko for integriteten av anlegget og for involvert personell.

## 3 Mål

Målet med tilsynet er å følgje opp planar, løysingar og arbeidsmiljørisiko i avviklings- og fjerningsfasane for Slagentangen raffineri. Vi vil her sjå på korleis Esso styrer prosessen med avvikling og fjerning og sikrar at teknisk integritet og arbeidsmiljørisiko for involvert personell er handtert i alle fasar.

## 4 Resultat

### 4.1 Generelt

Resultat er basert på presentasjonar, dokumentgjennomgang og verifikasjonar ved anlegget på Slagentangen.

I tilsynet gjekk vi gjennom selskapet si samla tilnærming til avvikling og fjerning av raffineridelen med omsyn på planar, løysingar og arbeidsmiljørisiko med spesielt omsyn på:

- planar, aktivitetar og tekniske løysingar for nedkøyring, avvikling og fjerning av raffineridelen av anlegget
- handtering av personell i avviklings- og fjerningsfasen
- styring av arbeidsmiljørisiko i avviklings- og fjerningsfasane
- førebuing og klargjering for vidare drift som drivstoffterminal
- oppfølging av tidlegare observasjonar frå tilsyn og granskingar som er relevante for ei sikker avvikling av raffineridelen og sikker framtidig drift av drivstoffterminal.

Ved tilsynsgjennomføringa så var raffineridelen stengt ned, men det var framleis pågåande arbeid med reingjering og klargjering av system som var teke ut av drift. Deler av anlegget i raffineridelen vil bli drifta vidare og då vere lokalisert innimellom infrastruktur som er avvikla. Det var i liten grad detaljplanar for fjerning av den delen av raffineriet som er teke ut av drift. Dette arbeidet ligg fram i tid så fokus har vore på å sikre anlegg som skal ut av drift og dokumentere tilstand for utstyr som skal driftast vidare og det som eventuelt skal preservast og avviklast.

## 4.2 Tidlegare observasjonar

Det vart ikkje varsla om oppfølging av tidlegare tilsynsavvik i dette tilsynet. Enkelte av observasjonane frå Ptil si gransking ved anlegget i 2020 var gjenstand for oppfølging

## 5 Observasjonar

Vi har to hovudkategoriar av observasjonar:

**Avvik:** Observasjonar der vi påviser brot på/manglande oppfylling av regelverket.

**Forbetringspunkt:** Observasjonar der vi meiner å sjå brot på/manglande oppfylling av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

### 5.1 Avvik

#### 5.1.1 Beslutningsgrunnlag og analysar som inngår i beslutningsgrunnlaget

##### **Avvik**

Den ansvarlege hadde ikkje sikra at problemstillingar som angår helse, miljø og sikkerheit var allsidig og tilstrekkeleg belyst og dokumentert i forbindelse med planlegging og gjennomføring av dei ulike fasane av omleggingsprosessen.

## **Grunngjeving**

I tilsynet refererte selskapet til sin prosess for styring av endringar (Management of Change - MoC), som vart nytta i forbindelse med omleggingsprosessen. Selskapet kunne ikkje dokumentere ei samla risikovurdering av dei organisatoriske endringane. Selskapet kunne ikkje legge fram analysar og planar for analysar av fysisk/kjemisk- eller organisatorisk og psykososial arbeidsmiljørisiko i forbindelse med planlegging og gjennomføring av dei ulike fasane i omleggingsprosessen.

## **Krav**

*Styringsforskrifta §§ 11 om beslutningsgrunnlag og 16 om generelle krav til analyser*

## **5.2 Forbetringspunkt**

### **5.2.1 Mangelfull merking i anlegget**

#### **Forbetringspunkt**

Avviksbehandling av arbeidsomfang for merking av røyrsystem i anlegget

## **Grunngjeving**

I Ptil sin granskingsrapport av naftalekkasje ved anlegget 24. august 2020 så var det påpeikt at det var manglar ved merking av røyrsystem i anlegget med omsyn på til dømes medium, retning for straum med meir. I Esso si tilbakemelding til Ptil sin granskingsrapport vart det informert om at selskapet trengte noko tid på å finne rett metode og utforming og at det var mest hensiktsmessig å gjennomføre denne aktiviteten i sommarhalvåret. Det vart etablert ein aksjon med frist til utløp av tredje kvartal i 2021 (innan utløp av september 2021) for å gjennomføre tiltaka.

Etter at det i april 2021 vart beslutta å stenge ned raffineridelen ved anlegget med påfølgjande nedstenging i juni 2021 så endra føresetnadane seg for merking av anlegg i onstedelen. Dette medfører eit endra arbeidsomfang i forhold til det som opprinneleg var planlagt. Det er sentralt at det som er av røyrføring som skal driftast vidare innimellom infrastruktur som skal avviklast er tilstrekkeleg merka. I tilsynet etterspurte vi informasjon om arbeidsomfanget var endra, om det var konkrete planar for gjennomføring av arbeidet innan utløp av september eller om det då eventuelt var gjennomført noko avviksbehandling av endring i arbeidsomfang og eventuell tidsfrist. I tilsynet fekk vi ikkje klare tilbakemeldingar på dette. I etterkant av tilsynet fekk vi tilbakemelding om at merking av gjenstående prosessutstyr i drift skal gjennomførast innan 1. oktober 2021. For resten av anlegget så var fristen sett til 30. november 2021 med å utarbeide ein vidare plan med frist for utføring til tredje kvartal 2022. På tilsynstidspunktet var det ikkje gjennomført noko formell avviksbehandling av jobben med merking.

## **Krav**

*Styringsforskrifta § 22 om avviksbehandling*

## 5.2.2 Styrande dokumentasjon

### Forbetringspunkt

Mangelfull formalisering og oppdatering av styrande dokumentasjon

### Grunngjeving

Det vart etterspurt formell dokumentasjon blant anna for endring av inspeksjon og vedlikehald for onstedelen, krav til dokumentasjon for utstyr som blir teke ut av drift og oppdatert dokumentasjonsgrunnlag for utstyr som blir teke ut av drift. I tilsynet mottok vi dokumentet Slagen Refinery Decommissioning & demolition Basis Memorandum June 2021. På tilsynstidspunktet var det uklart kva formell status dette dokumentet har med omsyn på revisjonsstatus, revisjonsansvarlege med meir. Vidare så gjorde vi verifikasjonar av spesifikke dokument, blant anna: Verneinstruks 16, Slagenraffineriet, Asbest og andre isolasjonsmaterialer, SLR-OIMP-5.1-016 – rev.nr 2.0 Retentioncode: OIM1020 IND MIN4. For verneinstruks 16 var det krav til årleg oppdatering av oversikt over og status på asbest i anlegget. Ut i frå dokument som vart vist til oss i tilsynet så var ikkje dette dokumentet oppdatert sidan 2018. Etter verifikasjonen på Slagentangen mottok vi e-post som viste revisjonsstatus for dokument gjennomgått i tilsynet. Den viste at verneinstruks 16 hadde sin siste revisjon i 2018 med administrative oppdateringar i 2020 og 2021. Etter tilsynet er det gjort ein revisjon av dokumentet (2.9.2021).

Dei to dokumenta ovanfor er eksempel på dokumentasjon som ikkje er formalisert og oppdatert i styringssystem / system for dokumentasjon.

### Krav

*Teknisk og operasjonell forskrift § 40 om oppstart og drift av landanlegg, bokstav b)*

## 5.2.3 Strategi for inspeksjon og vedlikehald

### Forbetringspunkt

Manglar ved strategi for inspeksjon og vedlikehald av utstyr som skal driftast vidare i onstedelen og utstyr som skal ut av drift i same område.

### Grunngjeving

Saman med beslutninga om å avvikle raffineridelen er det sentralt at det er etablert prosessar og at det er planar for rett vedlikehald og inspeksjon av utstyr og system, inkludert rett klassifisering, tilstandsvurdering, preserving, og gjenverande risiko. Slik vi har blitt forklart i tilsynet så har ein etter beslutninga om å stange ned raffineridelen, hatt fokus på å handtere personell og stenge raffineriet. Uavhengig av kva fasar ein er i av verksemda så skal program for vedlikehald vere tilpassa aktuell situasjon på anlegget og vere oppdatert. Vi etterspurte planar for oppfølging av anlegget i drift etter avvikling av raffineridelen. I denne samanheng vart det meir

konkret spurt etter strategi for vedlikehold / inspeksjon av utstyr som skal driftast vidare i onstedelen og utstyr som skal ut av drift i same område. Det var ikkje etablert planar for dette på tilsynstidspunktet, men i etterkant har vi blitt informert om at det skal utarbeidast ein plan for oppdatering av strategiar og planar innan 30. november 2021.

## **Krav**

*Styringsforskrifta § 7 om mål og strategiar*

## **6 Deltakarar frå oss**

Trond E. Sundby	Fagområde Konstruksjonssikkerheit (oppgaveleder)
Emilia Cristina Thingbø	Fagområde Arbeidsmiljø
Anne Mette Eide	Fagområde Arbeidsmiljø
Morten Andre Langøy	Fagområde Konstruksjonssikkerheit

I tillegg var Karianne Roberg med som observatør frå Arbeidstilsynet.

## **7 Dokument**

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av tilsynet:

- Presentasjonar oversendt og gitt i møtet
- Verneinstruks 16, Slagenraffineriet, Asbest og andre isolasjonsmaterialer, SLR-OIMP-5.1-016 – rev.nr 2.0 Retention code: OIM1020 IND MIN4
- Verneinstruks 13, Slagenraffineriet, Inert entring, SLR-OIMP-5.1-013 – rev.nr 2.0 Retention code: OIM1020 IND MIN4
- Oversikt over reduksjon i bemanning over tid
- Slagen Refinery Decommissioning & demolition Basis Memorandum June 2021
- Epost med tilleggsdokumentasjon 12.9.2021

## **Vedlegg A - oversikt over personell i tilsynet**